

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## Høyringsfråsegn: Sognekraft AS. Planendringssøknad Leikanger kraftverk

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev, og til søknaden om planendring med vedlegg som vi har lasta ned frå NVE sine nettsider.

### Samandrag av Turlaget sitt syn på planendringssøknaden:

Her vil vi gje eit kortfatta oversyn over kva vi meiner om planendringssøknaden. For enkelte av punkta vil vi gje mykje grundigare kommentarar og grunngjeving lenger nede i fråsegna.

- Vi er positive til at dei to inntaka av Skulåna vert sløyfa. For landskap, friluftsliv, biologisk mangfald etc vil dette vere ein fordel og ei forbetring av prosjektet.
- Sløyfing av tverrslag og deponi i Henjadalen vil vere svært positivt for landskap og friluftsliv (både i byggefasen og driftsfasen) og positivt for biologisk mangfald og truleg også andre fagområde. Bortfallet av trongen for ein stor anleggsveg innover Henjadalen vil også verke positivt.
- Flytting av tverrslaget i Grindsdalen ca. 500 m lenger inn i dalen og bygging av ca. 800 m ny veg innover dalen vil heilt klårt vere negativt for mellom anna landskap og friluftsliv. Truleg vil denne større negative verknaden verte kompensert av reduserte negative verknader av vegbygging i Henjadalen. Det vil likevel vere ein fordel å unngå auka inngrep i Grindsdalen, og vi ber NVE vurdere om dei nye inngrepa kan reduserast, til dømes ved å endre den nye vegen (800 m) til køyresterkt terreng etter at utbygginga er ferdig.
- Nytt steindeponi i Grindsdalen vil vere negativt på fleire fagområde. For friluftslivet vil den positive verknaden av sløyfing av tverrslag/steindeponi i Henjadalen vere mykje større enn den negative verknaden av eit nytt steindeponi i Grindsdalen, slik at «nettosummen» av dei to tiltaka vil vere klårt positiv. For andre fagområde har vi ikkje gjort tilsvarande vurdering, og reknar med at andre høyringsinstansar og NVE gjer det.
- Vi går **sterkt** mot reduksjon av minstevassføringa i Henjælvi. Nye opplysningar i endringssøknaden tilseier tvert imot at minstevassføringane bør aukast heile året. Vi kjem attende med grunngjeving for dette synet lenger nede i fråsegna, og viser til det.
- Av Sognekraft AS sin planendringssøknad (punkt 2.5 side 12 av 28) går fram at dei primært ønskjer at det blir gjort endringar i planane for vassverket i Henjælvi. For landskap og friluftsliv vil ei slik endring som den Sognekraft AS ønskjer, vere positiv, men her er omsynet til vassforsyninga det viktigaste. Viss endring, **må** dette føre til auka minstevassføring i Henjælvi. Vi viser til kommentarar omkring desse problemstillingane lenger nede i fråsegna.

### Minstevassføring:

Ei tilfredsstillande minstevassføring er særleg viktig for den anadrome delen av Henjælvi. Der er det ein sjøaurestamme, og der er også ein heil del laks. Vi har munnleg fått informasjon om laks på 7 kg. Sitat frå punkt 3.6.3 på side 24 i endringssøknaden: «Den anadrome delen av elva er stort sett grunn, og relativt store deler av elven vil bli tørrlagt ved lav vannføring, noe som kan gi redusert

**fiskeproduksjon (Hellen og Kålås 2010).» Ut frå det som står i dette sitatet, er det heilt klårt svært viktig for den anadrome fisken at minstevassføringa ikkje vert for låg!**

I tillegg til for anadrom fisk, er ei tilfredsstillande minstevassføring i Henjaelvi viktig for landskap, friluftsliv, reiseliv og biologisk mangfald.

I elvekraftverk er det no vanleg med ei minstevassføring om sommaren tilsvarende 5-persentil sommar. Ifølgje konsesjonssøknaden frå 2009, side 323, Tabell 10, er 5-persentilen for Henjaelvi 1.427 l/s. Av dette bidreg Skulåna med 91 l/s. Sjølv om ein tek ut Skulåna frå prosjektet, vert likevel dei konsesjonsgitte minstevassføringane for Henjaelvi om sommaren langt lågare enn 5-persentil sommar, og dermed langt lågare enn det som er vanleg for elvekraftverk!

Ei stor nok minstevassføring om sommaren er særleg viktig i tørre, varme periodar. Då er resttilsaget nedstrøms inntaka svært lågt, og temperaturen i elva vil kunne stige kraftig. Oppvarminga vert større dess mindre vassføringa i elva er, og dess saktare vatnet renn. I Henjaelvi er Flyane-området ein stad der det ligg ekstra godt til rette for ei kraftig oppvarming av vatnet i elva i periodar då det er sol og 25 – 30 varmegrader. Slike periodar får ein gjerne i siste halvdel av juli og første halvdel av august, dvs i den perioden Sognekraft AS ønskjer å redusere minstevassføringa på strekninga med ca. 33%. Er det fornuftig? **Kva verknader vil eit sterkt oppvarma vatn ha for settefiskanlegget og for fisken på den anadrome strekninga? Kva er høgste forsvarlege temperatur for fisken i settefiskanlegget og for fisken i elva? 25°, 30°? Kva skjer med bakterievekst og generell vasskvalitet ved så høge temperaturar? Kva med kvaliteten på eventuelt drikkevatt frå elva?**

Sognekraft AS brukar bortfall av inntaket av Skulåna som argument for å redusere minstevassføringa med 250 l/s i perioden 1. juni – 15. august, trass i at 5-persentil sommar for Skulåna berre er 91 l/s, og trass i at Skulåna renn inn i Henjaelvi nedanfor Flyane. Vårt syn er at Sognekraft AS sin argumentasjon for ein så kraftig reduksjon av minstevassføringa ikkje held mål! Det «held ikkje» å snakke om gjennomsnittsvassføringar når det er dei lågaste vassføringane som er dei mest kritiske for livet i elva og kvaliteten på vatnet.

Eit anna moment som tilseier at det er viktig med gode minstevassføringar heile året, er at Sognekraft AS planlegg «skvalpekøyning» av kraftverket i periodar då vassføringa i elva er lågare enn slukevna i kraftverket. Vi går ut frå at dei då vil bruke vatnet som står i den lange, nesten flate overføringstunnelen mellom Henjadalen og Grindsdalen som «skvalpekøyringsmagasin». Kombinert med stor slukevne i kraftverket, betyr dette at det berre blir ved nokså store flaumar at det vil renne vatn i elva utover minstevassføringa.

I Sognekraft AS sin endringssøknad er det opplyst at nye målingar av vassføringa i inntakselvane tilseier ein produksjon i konsesjonsgitt anlegg på ca. 210 GWh/år. I konsesjonssøknaden frå 2009 er det rekna med ein produksjon på 184,1 GWh. Produksjonsauken er i overkant av 14%. Dette betyr at vassføringa i elvane er ca. 14% høgare enn det som vart lagt til grunn i konsesjonssøknaden. Dette betyr også høgst sannsynleg at Alminneleg lågvassføring, og 5-persentilane, som det vert operert med i konsesjonssøknaden, er anslagsvis 14% for låge. Det betyr at grunnlagstala for fastsettinga av minstevassføringane i den eksisterande konsesjonen høgst sannsynleg er for låge. **Vi ber NVE vurdere om dette – i samband med vurderinga av endringssøknaden - gir grunnlag for fastsetting av nye og høgare minstevassføringar enn det som står i den eksisterande konsesjonen.**

**Vår konklusjon vedr. minstevassføring:** Vi viser til momenta vi har nemnt ovanfor, og går sterkt mot omsøkt reduksjon av minstevassføringa i Henjaelvi. Basert på nye vassføringsopplysningar (auke ca. 14%), ber vi NVE vurdere å auke minstevassføringane.

### **Synspunkt vedr. inntak til Leikanger vassverk - og minstevassføring:**

Leikanger kommune og Sognekraft AS har ei eksisterande avtale om eit delvis nytt vassverk med inntak over kote 600 i Traståna. Særleg i kalde periodar om vinteren er vassføringa i Traståna her så låg, at vassverket vil verte heilt avhengig av aktiv bruk av magasinet i Store Trastadalsvatnet for å sikre at abonnentane får nok vatn.

I «2.5 Forhold til drikkevannforsyning» på side 12 og 13 i endringssøknaden, går det klårt fram at Sognekraft AS av økonomiske årsaker ønskjer, og argumenterer for, ei anna løysing for Leikanger vassverk enn den som er avtalt. Dette er ei sak mellom Leikanger kommune og Sognekraft AS, og det er kommunen som må vurdere kva som for dei er/blir den sikraste og beste vassforsyninga for innbyggjarane. Frå vår side tek vi ikkje stilling til kva som er det beste alternativet for kommunen, det er ikkje vår sak. Men vi vil kome med nokre synspunkt på problemstillingar i tilknytning til dei ulike alternativa. **NB! Vi oppmodar NVE om å krevje ei endeleg avklaring av kva for ei vassverkløysing som vert vald, for Sognekraft AS sin endringssøknad vert slutthandsama av NVE.**

### **Synspunkt viss eksisterande avtale om inntak over kote 600 i Traståna vert oppretthalden:**

Det må leggest stor vekt på terrengtilpassing av den nye vegen frå Flyane og innover til inntaket, og det må leggest vekt på at breidda på inngrepa innover dalen vert så liten som råd.

### **Synspunkt viss det blir ei grunnvassløysing for vassverket, slik Sognekraft AS ønskjer:**

Forsyning av Leikanger vassverk med grunnvatn frå borehol i lausmassar, vil truleg gje tilfredsstillande vasskvalitet. (Vassprøver må sjølvsagt takast.) I heile/delar av byggeperioden for kraftverket vil ei slik løysing truleg vere bra nok. Men frå vår side er vi usikre på om eit slikt vassforsyningsalternativ er sikkert nok, og stabilt nok, på lang sikt, til dømes i 30 – 40 år, til å vere Leikanger si hovudvassforsyning for vanleg forbruk og brannsløkking. Både straumforsyning, pumper, motorar og borehol kan svikte/skape problem som det i verste fall vil ta nokså lang tid (ein/fleire dagar) å reparere.

Vår tilråding er at viss det blir ei grunnvassløysing, så vert dette på lang sikt reserveløysinga, og at det eksisterande vassverket framleis vert hovudløysinga. Vi trur dette vil gje ei sikrare og meir stabil vassforsyning i åra framover til 2050 enn det ein får med grunnvatn som hovudløysinga. Det ein må passe på, er at vasskvaliteten vert god nok. **Her kjem NVE/OED sine konsesjonsvilkår inn i biletet!**

**Minstevassføringa** i Henjaelvi må aukast tilsvarande forbruket i vassverket. Det er her mellom anna viktig å ta omsyn til at i varme periodar om sommaren, så vil forbruket i vassverket kunne auke ganske kraftig grunna hagevatning og anna vatning.

I det vi skreiv om «Minstevassføring» tidlegare i fråsegna, peika vi mellom anna på at i varme, tørre periodar om sommaren, så vil temperaturen på vatnet i elva kunne bli svært høg viss minstevassføringa er for låg. Auka vassstemperatur i elva vil heilt klårt gje dårlegare kvalitet på drikkevatnet. I dei eksisterande konsesjonsvilkåra er minstevassføringa sett til 754 l/s i perioden 1. juni – 15. august. For å sikre tilfredsstillande vasskvalitet må denne perioden med høgst minstevassføring forlengast slik at den omfattar heile den varmaste delen av sommaren. Dette betyr forlenging minimum til 31. august, men helst til 10. eller 15. september. Skal ein forlenge til det er slutt på sesongen for å ha beitedyr gåande i nedslagsfeltet for drikkevatnet, må ein forlenge til 30. september. I tillegg til 754 l/s kjem ein auke tilsvarande vassforbruket i vassverket.

I konsesjonsvilkåra bør det også takast inn atterhald om ytterlegare auke av minstevassføringa viss det skulle vise seg å bli periodar då vassstemperaturen i elva framleis vert for høg.

Viss drikkevassinntaket i Traståna skulle bli sløyfa, opplyser Sognekraft AS at dei vil trenge ein enkel traktorveg inn til inntaka i Henjadalen for å vedlikehalde inntaka. Av omsyn til landskap og friluftsliv, er det viktig at denne traktorvegen følgjer terrenget godt, og at den ikkje vert grusa, men får høve til å vekse seg grøn og fin.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 918 22 864, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)